



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	09.09.2024
Møtetid:	10:00 -12:00
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 76/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 77/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 12.06.24	
PS 78/2024	Politiberedskap i Nordhordland	
PS 79/2024	Kommunal garanti til vegutbetring ved Furebotn	
PS 80/2024	Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon	
PS 81/2024	Framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - og oppstart av planarbeid	
PS 82/2024	Planprogram Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037	
PS 83/2024	Oppstart av reguleringsplan for Yndesdalskrysset ved Hosteland	
PS 84/2024	Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune	
PS 85/2024	Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune	
PS 86/2024	Referatsaker	

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 76/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 76/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 77/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 12.06.24

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 77/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 12.06.24:

Møteprotokoll frå formannskapet 12.06.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 78/2024 Politiberedskap i Nordhordland

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 78/2024 Politiberedskap i Nordhordland:

Uttale frå kommunestyret i Masfjorden kommune:

Krav til Justisdepartementet v/ justisministeren:

- Geografisk driftseining Nordhordland vært oppretta som ei ny driftseining i Vest politidistrikt, for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Solund og Vaksdal.
- Geografisk driftseining Nordhordland har 3 lokasjonar, og at dette vært i Alver, Masfjorden og Osterøy/Vaksdal.
- Geografisk driftseining Nordhordland vært oppretta frå 1.1.2025.
- Geografisk driftseining Nordhordland, Geografisk driftseining Hordaland og Geografisk driftseining Sogn og Fjordane får tildelt budsjett for 2025, ut i frå dei same objektive vilkåra, som er innbyggjartal, tal straffesaker og talet på operative oppdrag.
- Kommunane i Nordhordland kan ikkje lenger akseptera at Vest politidistrikt fortset å skeivfordela tildelte midlar slik ein gjer i dag. Innbyggjarane i våre kommunar skal ha like god politidekning som andre kommunar ein kan samanlikne seg med.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 79/2024 Kommunal garanti til vegutbetring ved Furebotn

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 79/2024 Kommunal garanti til vegutbetring ved Furebotn:

Masfjorden kommune gjev kommunal garanti på inntil krone 500.000,- for å dekkja eventuelle overskridingar knytt til vegutbetringar ved Furebotn.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 80/2024 Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 80/2024 Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon:

Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 81/2024 Framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - og oppstart av planarbeid

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 81/2024 Framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037 - og oppstart av planarbeid:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. Vidare vert planprogram for arbeidet lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad. Eventuelle innspel og merknader til planarbeidet skal ha same frist som planprogrammet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 82/2024 Planprogram
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 82/2024 Planprogram
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 vert det varsla oppstart av arbeid med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Vidare vert planprogram for arbeidet lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker. Planprogrammet gjer greie for kva planen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad. Eventuelle innspel og merknader til planarbeidet skal ha same frist som planprogrammet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 83/2024 Oppstart av reguleringsplan for Yndesdalskrysset ved Hosteland

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 83/2024 Oppstart av reguleringsplan for Yndesdalskrysset ved Hosteland:

Formannskapet vedtek at det vert starta opp arbeid med kommunal reguleringsplan for Yndesdalskrysset ved Hosteland i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 84/2024 Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 84/2024 Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune:

Rådmannen tilrår at retningslinjer for lærlingar i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre med følgjande tillegg:

I retningslinjene for lærlingar må det også kome fram følgjande:

- Lærlingar har rett til godkjent veileder, fortrinnsvis fagarbeider, under heile læretida.
- Masfjorden kommune må synleggjere til ei kvar tid kva fag ein kan tilby lærlingstillingar i.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 85/2024 Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Innstilling frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 85/2024 Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt om gebyr for feiing og tilsyn for Masfjorden kommune dagsett 24.05.2024 vert godkjent i medhald i brann og eksplosjonslova sin § 28, andre ledd, § 6 tredje ledd, § 11 og § 13 fjerde ledd og § 32, samt forskrift av 17 desember 2015 nr 1710 om brannførebygging sin § 6 og 17.

Verknadsdato vert sett til 01.01.2025.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 09.09.2024 av sak 86/2024 Referatsaker

Referatsaker:

- Budsjettbrev 2024 frå Statsforvaltaren (lagt fram i møtet)

Orientering frå ordførar:

- ordførar orientere kort om status for Berivest AS. Valnemnda vert oppmoda om å finne kandidatar til styret fram mot generalforsamling
- ordførar orienterte om status for forprosjekt fleirbrukshall. Saka kjem rett til kommunestyret i september
- ordførar orienterte kort om mobilmast i Ytre Haugsdal og mobildekning generelt i Masfjorden kommune
- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet

Orientering frå rådmannen:

- rådmannen orientert kort om framdrift for bustadfelt i Ytre Haugsdal

Vedtak frå Formannskapet - 09.09.2024 av sak 86/2024 Referatsaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.